



Ing Taule AS
Radøyvegen 1400
5936 MANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/8928 - 22/42109

Saksbehandlar:
Einar Aase
einar.aase@alver.kommune.no

Dato:
03.06.2022

Fortsatt mangler ved søknaden - gbnr 214/97 Fyllingsnes

Tiltak: bruksendring
Byggjestad: Gbnr: 214/97
Tiltakshavar: Kenneth Tredal
Ansvarleg søkjar: Ing Taule AS

Kommunen har gått gjennom tilleggsdokumentasjon mottatt 13.04.2022 og finn at søknad framleis ikkje er komplett. Kommunen ber om at følgjande dokumentasjon vert sendt inn:

1. I svarbrev pkt.5 viser dykk til søknad om fritak frå teknisk forskrift frå krav om måling av lekkasjetal. For at kommunen skal kunne vurdere fritak frå tekniske krav må det spesifiserast nærmare kva paragraf det søkjast fritak frå.

Dersom det med lekkasjetal er sikta til ynskje om fritak for energikrav vil det kunne bli krav om tiltak som betrar dagens situasjon. Eventuell utføring av slike tiltak bør skildrast ettersom desse vil vere relevante for fritaksvurderinga. Døme på slikt tiltak er etablering av skorstein, som i vedlagt vegleiar ikkje er definert som ein uforholdsmessig kostnad. Sjå punkt 5.8 på side 69 i vegleiar.

Vegleiar finn dykk her: <https://www.kommunalteknikk.no/eksempelsamling-tekniske-krav-ved-tiltak-i-eksisterende-bygg.5919012-161014.html>

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **01.07.2022**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. forskrift om byggesak (SAK) § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. forskrift om byggesak § 7-2, 1. ledd.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Einar Aase
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Cecilie Wiken Moberg
Ing Taule AS
Kenneth Tredal

Littlevågsbrotet 31
Radøyvegen 1400
Littlevågsbrotet 31

5913 EIKANGERVÅG
5936 MANGER
5913 EIKANGERVÅG